

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Grand Hotel Terminus
Dato: 20.12.2016
Tidspunkt: 10:00 – 14.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Terje Kollbotn	Medlem	R
Sara Økland	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Åsne Hagen	Terje Kollbotn	R
Olav Magnus Hammer	Åse Gunn Husebø	A
Forfall for Økland vart meldt for seint til å innkalle vara		

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak PS 140/16 – PS 141/16
Bård Sandal	Fylkesdirektør, Regional utvikling, sak PS 140/16
Bjarne Ryland	Partner Deloitte
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor Deloitte
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Inge Reidar Kallevåg
utvalslleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 138/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 139/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 140/16	Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS	2014/14570	
PS 141/16	Forvaltningsrevisjon av NDLA, del II - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 142/16	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2016	2016/4239	
PS 143/16	Prosjektrekneskap Stend vidaregåande skule - Ombygging for tilrettelagt opplæring - Uttale frå kontrollutvalet	2016/2768	
PS 144/16	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" Forslag til prosjektplan	2016/1940	
PS 145/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania	2015/5589	
PS 146/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar	2014/24577	
PS 147/16	Selskapskontroll av Hordaland Teater - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/9439	
PS 148/16	Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/9440	
PS 149/16	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11221	
PS 150/16	Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11222	
PS 151/16	Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 152/16	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 153/16	Referatsaker		
RS 67/16	Svar på spørsmål - driftsutfordringar for Bybanen	2015/3001	
RS 68/16	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16	2015/11179	
RS 69/16	Reglement for finansforvaltninga	2016/4239	
RS 70/16	Rekneskapsrapport pr. oktober 2016	2016/4239	
RS 71/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. desember 2016	2015/10348	
RS 72/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017	2015/10845	
RS 73/16	Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune - oppfølgingsnotat saker innan HR pr desember 2016	2016/1829	
RS 74/16	Orientering. Sak hos Datatilsynet.	2016/3926	
RS 75/16	Fylkesskatt november 2016	2015/12603	
PS 154/16	Eventuelt		
PS 155/16	Konkurransetutting av revisjonstenestene for Hordaland fylkeskommune - Arbeidsmøte	2014/10505	

PS 138/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 139/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Vedtak

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

PS 140/16 Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS

Forslag til vedtak

1. Vert lagt fram utan forslag til vedtak
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltaka fylkesrådmannen har sett i verk i høve selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør, regional utvikling, Bård Sandal, orienterte om kvifor kontrollutvalet ikkje har motteke svar på oppfølging av selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltaka fylkesrådmannen har sett i verk i høve selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS og seier seg ferdig med saka.

PS 141/16 Forvaltningsrevisjon av NDLA, del II - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Endeleg revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA, del II vert å levere sekretariatet innan
2. Informasjonen vert elles teken til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

E-post frå Deloitte dagsett 18.12.16 «Vedrørande handtering av personopplysningar» vart delt ut i møtet.

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte også om sitt syn på saka.

Tidspunkt for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

På bakgrunn av meirarbeid med denne forvaltningsrevisjonen aksepterer kontrollutvalet at timetalet vert auka med det tal timar som er medgått i 2016 utover vedteken ramme, dvs. ein auke på 130 timar, slik at totalt timetal etter dette vert 582 timar. Endeleg timetal vert å komme tilbake til seinare.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tidspunkt for levering av revisjonsrapport av NDLA 2 vert å komme tilbake til i neste møte.
2. Kontrollutvalet aksepterer at timetalet på forvaltningsrevisjon av NDLA 2 vert auka med 130 timar, slik at totalt timetal vert 582 timar. Endeleg timetal vert å komme tilbake til seinare.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering

PS 142/16 Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2016

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar interimisrevisjonsrapport 2016 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte interimisrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar interimisrevisjonsrapport 2016 frå Deloitte til orientering.

PS 143/16 Prosjektrekneskap Stend vidaregåande skule - Ombygging for tilrettelagt opplæring - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og tar konklusjonen til etterretning.
2. Utvalet har igjen merka seg at dette prosjektet har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader er gode og dekkande nok.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forslag til uttale vart samrøystes vedteken.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og tar konklusjonen til etterretning.
2. Utvalet har igjen merka seg at dette prosjektet har store avvik i høve opphavleg løyving og at det

difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.

3. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader er gode og dekkande nok.

PS 144/16 Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 9.1.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil timar, inkludert opsjon for eventuell presentasjon i Fylkestinget med inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 04.09.17, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart gjort nokre mindre endringar i prosjektplanen, ny redigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 9.1.2017. Endeleg timetal for dette prosjektet vert å komme tilbake til.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.
2. Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 9.1.2017.
3. Det vert førebels akseptert ein samla timeressurs på inntil 465 timar, inkludert opsjon for eventuell presentasjon i Fylkestinget med inntil 6 timar. Endeleg timetal vert å komme tilbake til.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 04.09.17, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 145/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania og seier seg ferdig med saka.

PS 146/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

PS 147/16 Selskapskontroll av Hordaland Teater - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med selskapskontroll av Hordaland Teater og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 148/16 Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 149/16 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 150/16 Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 151/16 Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om rekneskapsresultata og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 152/16 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|----------------------|
| • Fylkestinget | 13. - 14.12.2016 |
| • Fylkesutvalet | 16.11. og 08.12.2016 |
| • Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 06.12.2016 |
| • Utval for opplæring og helse | 01.12.2016 |
| • Utval for miljø og samferdsel | 01.12.2016 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 153/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

RS 75/16 fylkesskatt november vart lagt fram i møtet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 154/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møte

Olav Magnus Hammer (Ap) tok som vararepresentant opp spørsmålet om korleis kontrollutvalet vel ut forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar. Det blei orientert om at plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 vart vedtekne i fylkestinget i oktober 2016. Desse ligg til grunn i vurderinga av kva som skal reviderast. Det kan i tillegg komme innspel frå fylkestinget, administrasjonen, publikum eller som følge av medieoppslag som kan gjera at kontrollutvalet startar opp ein revisjon.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 155/16 Konkurransenutsetting av revisjonstenestene for Hordaland fylkeskommune - Arbeidsmøte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.12.2016

Handsaming i møtet

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3.

Kontrollsjef, Hogne Haktorson, og seniorrådgjevar, Roald Breistein, i sekretariatet presenterte resultatet av den førebelse evalueringa av innkomne tilbod og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet tok presentasjonen til orientering.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tok presentasjonen til orientering.